



# **FITJAR KYRKJEBLAD**



**NR 2 - JUNI 2021**  
**ÅRGANG 44**



DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

I sommar er kyrkjekontoret ope  
tysdagar og fredagar frå 10 til 14

**Kyrkjeverje/kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kontormedarbeidar**

Oma, Elisabeth Søndena  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister**

Ragde, Kjetil Hagevik 482 48 488  
[kjetil@fitjarkyrkje.no](mailto:kjetil@fitjarkyrkje.no)

**Soknerådsleiar:**

Lunde, Svein 971 59 009

**Nestleiar sokneråd:**

Helland, Wenche A. 901 33 397

**Leiar Diakonimnd:**

Tvedt, Annbjørg Stjern 470 18 264

**Bakken barnehage:**

Torunn K. Aarskog 404 04 146  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øyremerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805



**Framsidedeilete:**

Idyll på Storavatnet

Foto: Randi Lønning Matre

*Velkommen tilbake!*

Det er mykje kjekkare å sjå ballett i levande livet enn å oppleve det på fjernsyn,» sa ein ven til meg for ikkje lenge sidan. «Det er noko med å vera til stades, dela fellesskapen og opplevinga med andre, koma tettare innpå aktørane på scenen, sjå mimikken i ansiktet, høyra musikken,» heldt han fram.

**Roald Drønen**

Mange av oss har opplevd dei siste 15-16 månadene som vanskelege. Restriksjonar har gjort at det viktigaste i denne tida har vore «Hald avstand».

Dette har me sjølv sagt også retta oss etter i kyrkja. Det har vore vondt å «lukka» kyrkjedøra ved gudstenester, gravferder og vigslar.

Difor ser me fram mot å opna kyrkjedørene på vidt gap slik at mange fleire kan koma inn og dela fellesskapen saman.

Me ser fram mot «gamle tider» og gled oss til å sjå fullsette kyrkjebenkar med born og unge, vaksne og eldre. Å feira gudsteneste framom ein skjerm heime i stova er ikkje det same som å møtast fysisk. Gudsteneste er noko me er saman om, sjølv om Jesus har sagt at der to eller tre er samla, er han midt mellom oss.

Eg har i det siste året følgt nokre gudstenester i Fitjar kyrkje framfor ein skjerm. Det har gjort meg svolten på å møtast på skikkeleg vis. Eg er glad for at me no kan opna meir opp og møtast til gudstenester og andre samkomer i kyrkja og andre stader, nikka og smila til kvarandre, gje ein klapp på skuldra, slå av ein prat, ja, rett og slett leva eit normalt liv både i og utanfor kyrkja.

God sommar til dykk alle!



Du er hjarteleg  
velkommen til  
**open kyrkje**

Fitjar kyrkje vert open

Kl. 18-19.30

27/5, 24/6, 22/7, 19/8

Her kan du tenna lys,  
ha tid til ettertanke og bøn,  
snakka med nokon eller  
berre finna roen og kjenna på  
kor godt det kan vera  
å sitja i dette heilage rommet.

Lite innslag (tekst/musikk)  
ml. kl. 18.30-18.45 kvar kveld.

Gjeldande smittevernsreglar  
Diakoninemnda i Fitjar



## Vikar for soknepresten

I soknepresten sin ferie vil desse ha gudstenester  
(begge er på veg mot presteteneste):

- 4. juli: Laila Hansen Røksund
- 11. juli: Runar Larsen ( var her i fjor)
- 18. juli: Herman Inge Aadland (Kråko)
- 25. juli: Laila Hansen Røksund
- 1.aug.: Laila Hansen Røksund
- 8. aug.: Laila Hansen Røksund



### Ferie og avspasering for staben på kyrkjekontoret:

Sokneprest Roald Drønen 28. juni – 8. august  
Kantor Jan Overweg 2. aug. – 22. aug.  
Kyrkjelydspedagog Randi L. Matre 21. juni – 8. august  
Elisabeth Søndena Oma 5. juli – 1. august

I sommar er kyrkjekontoret ope tysdagar og  
fredagar frå 10 til 14.



På facebookside vår deler  
me noko av det som har  
skjedd og det som skal skje i  
kyrkja vår. Du finn oss under  
namnet Kyrkja på Fitjar.  
Lik og følg oss gjerne!

### "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

#### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 10. september til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 22. september Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

#### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

# Johannes på kyrkjeveg

Kyrkja og kyrkjebakken har i hundrevis av år vore ein svært viktig møteplass. Der kunne folk få stetta både sine åndelege og sosiale behov. I farne tider måtte ein her på våre kantar bruka beina eller sjøen for å ta seg dit. Dei på Strando måtte begynna å gå over fjellet frå Hovland/Vistvik tidleg om morgonen for å nå preike-tida i Fitjar, og same vegen heim igjen når gudstene-sta m.m. var over. Det vart eit skikkeleg dagsverk.

## Halvard Wiik

Etter at vegane og bilane gjorde sitt inntog, gjekk Kyrkjevegen over fjellet ut av bruk. Her er det Johannes Nesse, busett i Vistvik, kjem inn i bildet. Han syns det var for gale at den gamle tradisjonen, og den gamle stien over fjellet, berre skulle forsvinna i gløymeboke. Difor fekk han Stranda Velforening med seg på å finna igjen, rydda og merka den gamle kyrkjevegen. No er det over 10 år sidan Johannes tok opp igjen den gamle tradisjonen og begynte å slita sko i fotefara til fedrane sine. Det har etter kvart blitt mange flotte turar.

Siste søndagen i mai fekk eg høve til å slå lag med den spreke 75-åringen på kyrkjeveg. Klokka halv åtte starta me frå Hovland i tung grå morgonskodde. Motbakkane i starten fekk fram både sveitte og tungpust. Etter ein liten time flata terrenget ut. Der stoppa Johannes på sin faste plass ved ein fjellbakk. Det var godt med ein kjapp vask og skjorteskifte før turen held fram. No begynte sola og vinna over skodda. Konturane av Handfjellsåto vart synlege, og snart låg det nesten spegelblanke Kyrkjevatnet framføre oss. Her smaka det godt med kaffi og heimabakst. Fuglane song, auren vakte og gauken gol. Det var nok ikkje utan grunn at Johannes begynte å sitera frå fedrelandssalmen.

No vart terrenget lettare å gå, noko som inviterte til meir prat, og Johannes reflekterte og fortalde:

*Eg likar å halda meg i form. Kva er då betre enn ein tur til fjells? Dei første gongane eg gjekk kyrkjevegen, var det nok mest av kulturell og historisk interesse. Det fedrane våre gjorde og stod for, ikkje minst religiøst, har alltid fasinert meg. Bibel og bøn kunne dei langt på veg ordna med heime, men brødsbrytinga (nattverden) og broderfelleskapet måtte opplevast saman med andre. Å få del i dette var så viktig at dei valde slitet med å gå*



*over fjellet, framfor å la den uttekte kroppen kvila seg etter ei lang og stri arbeidsveke. Det er i respekt for dette at eg begynte å gå mine kyrkjeturar over fjellet. For meg er det eit paradoks at etter kvart som det reint praktisk har blitt lettare å koma seg til eit gudshus, di færre er det som søker dit.*

*Etter kvart har eg erfart at det også ligg læring i det å streva litt - at ikkje alt skal vera så lettvindt og sjølvsgat. Ei anna viktig side når ein ruslar slik på kyrkjeveg, er at sinnet roar seg. Det vert stemt til høgtid og førebudd på å ta imot det kyrkja har å gje. Dei verkelege verdiane i livet vert tydelegare.*

Medan praten går, er me komne så langt at Fitjarbygda opnar seg framfor oss, og me høyrer kyrkjeklokkene som kallar til samling. Ved Brurabenken stansar me, slik generasjonar før oss har gjort. Her legg me av oss det gamle og kler oss i noko nytt og reint før me går den siste biten fram til Guds hus. For Johannes og meg passar det perfekt at gudstenesta starta med salme 841:

*Den blomstertid nå kommer med lyst og glede stor, den kjære, lyse sommer da gress og grøde gror. Nå rører solens armer ved alt som før var dødt, de blide stråler varmer, og alt på ny blir født.*

Takk for følget.



*Eg likar å halda meg i form,  
seier Johannes (75), som  
lett tar turen frå Hovland til  
Fitjar.*

*Denne aldrende bjørka har  
nok sett mange av Johannes  
sine forgjengarar*



## NÅDEN ER...

*Nåden er din dagligdag,  
hverdagen, det nære.  
Mennesker at leve med,  
nåden er: at være.*

*Nåden er den kærlighed,  
som blev grunnløst givet.  
Nåden er den hverdag, som  
binder dig til livet.*

*Nåden er et ord fra Gud  
over alle dage.  
Nåden er, når alt er tabt,  
at få alt tilbage.*

*Nåden er hver levet dag,  
hvert tilfeldig møde.  
Nåden er det levende,  
som står opp af døde.*

*Uden håb og uden Gud  
la'r vi døden råde.  
Tro og håb og kærlighed  
får vi kun af nåde.*

Johannes Møllehave



# Torunn Aarskog takkar av

**Torunn Aarskog takkar av som styrar i Bakken barnehage og ser tilbake på livet i barnehagen med takksemi og glede.**

## Anne Marie Røed

Det er nesten ikkje til å tru at Torunn takkar av, ho som liksom er sjølv Bakken barnehage, ho som har stått på i heile 34 år, energisk, engasjert og imøtekommande med hjarte for alle. 1. august sluttar ho som styrar, og tida er inne til å ta eit tilbakeblikk på noko av det som ho har fått vera med på gjennom oppvekst og yrkesliv.

Ho fortel at ho ser tilbake på ein sær god oppvekst i ein heim der ho tidleg fekk ei forankring i trygg tru. Ho blei tatt med i kristent fellesskap i kyrkje og bedehus i heimbyen Flekkefjord. Tidleg fekk ho ansvar og oppgåver tilpassa hennar alder. I ungdomsåra fekk ho leiaropplæring gjennom ulike kristne organisasjonar, noko ho ser tilbake på med stor takksemi. At ho med ein slik bakgrunn valde å utdanna seg til førskulelærer, er ikkje til å undrast over. Ferdig utdanna fekk ho arbeid i ein misjonsbarnehage i Stavanger og treivst i arbeidet. «Eg har aldri angra på val av yrke, eg ville ha tatt det same valet i dag», seier ho med overtyding. Seinare vart det stilling som styrar i Fitjar Sokneråds korttidsbarnehagar i 1987. At ho kom til Fitjar, er takka vera ektemannen Steinar Aarskog.

I Fitjar gjekk ho inn i oppgåva som styrar med heile seg. Etter nokre år var ho med på å utvikla korttidstilbodet til eit fulltidstilbod, nå for 60 barn. «Å bidra til å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon slik det står i

barnehagen sin formålsparagraf», er viktig for ho, «då dette kan gje barna ei forankring og ein grunnmur å byggja vidare på». Ho trekkjer fram det tette samarbeidet med kyrkja, spesielt ved markeringane av kristne høgtider; julespel, påske- og pinsevandringar betyr mykje.

Ho blir glad og inspirert av å formidla bibelfortellingane i barnehagen. Der kan ein saman med barna reflektera rundt innhaldet, svara på spørsmål og sjå kva barna har fått med seg gjennom samtale, teikningar, målarkunst og drama. Barna viser stor kreativitet. At barna gir tilbakemeldingar på at samlingsstunda med kristne fortellingar er det dei likar best, gir pågangsmot til å stå på i arbeidet. Ho trekkjer og fram det tette samarbeidet med kyrkja, spesielt ved markeringane av kristne høgtider; Julespel og vandringar rundt kyrkja før påske og pinse betyr mykje. At presten eller kyrkjelydspedagogen kjem på besøk i barnehagen, vert sett stor pris på.

Torunn understrekar at ho hentar mykje fagleg og pedagogisk påfyll ved å delta på kurs og samlingar i regi av IKO, «Kirkelig pedagogisk senter». Der får ho del i nyare pedagogisk forskning og utvikling. «Å halda seg oppdatert er avgjerande for å kunna driva ein god barnehage for alle der den kristne dimensjonen er eit ekstra pluss», seier ho med ettertrykk.

Med glede trekkjer ho og fram det gode samarbeidet og dialogen ho har hatt med foreldre, medarbeidarar, styret for barnehagen, Fitjar kyrkje og Fitjar kommune. Ho understrekar også kor imponert ho er over dei som i si tid starta opp barnehage



Foto: Serina Sørffonn


med utvida kristen føremålsparagraf i Fitjar. «Når eg har lese i gamle protokollar, har eg sett kor utretteleg og målretta dei har arbeidd. Dette har vore til stor inspirasjon for meg.»

Som nemnt takkar Torunn av som styrar 1. august. Ho ser fram til å leggja frå seg ei oppgåve som har vore ansvarsfull og krevjande. Likevel gjev ho seg ikkje heilt. Ho vil arbeida i ei deltidstilling i ein overgangsperiode når ny styrar tek til 1. august.

Ho ser no fram til å få meir tid i lag med familien sin. Mann, barn, svingerbarn og barnebarn betyr svært mykje for ho. Samstundes vil ho halda fram med å ta del i det frivillige arbeidet i Fitjar, og vil nok bli å treffa i ulike samanhengar. Det veit eg mange i Fitjar vil setja stor pris på.

Her er mange som er takksame for innsatsen til Torunn, for at ho har leia barnehagen med eit varmt hjarte og ei stødig og trygg hand i ei tid der barnehagen har vore gjennom ei rivande utvikling.


Lukke til vidare, med ønskje om mange gode år som pensjonist.



# På tur med ungdommane

## Randi Lønning Matre

25. mai samlast ein gjeng med ungdommar i Breiavikjo til padling. Me padla rundt eit nes og inn ei vik til ein fin bakke. Her hadde me ulike aktivitetar og konkurransar. Gode damer var med og grilla pølser og serverte oss brus. Andakten handla om å samanlikne livet med ein seilas, der kartet er bibelen og kompasset er Den heilage Ande. Me var veldig heldige med veret og kosa oss ute på tur.



# TenTreff på rafting

Laurdag 29. mai reiste første pulje eventyrlystne TenTreffarar til Voss for å rafta. TenTreff har fått midlar frå soknerådet til å gjennomføre kjekke aktivitetar etter eit utfordrande korona-år. Då styret føreslo rafting, var interessa så stor at det vert arrangert to turar. Neste pulje reiser 20. juni.

## Lovise Vestbøstad

Denne laurdagen var vi 9 flotte ungdommar og to heldige vaksne som fekk reise. Med 24 varme grader i lufta og krystallklart, iskaldt smeltevatt i Raundalselva låg alt til rette for fart og spenning. Ungdommane valde rafting etter lyst og ferdighetsnivå, og begge båtane gjekk for dei tøffaste vegvala i elva. Her var det berre å fylgje med på kommandoane frå instruktørane i raskt tempo! Opplevingane stod i kø. Eine båten vart «sitjande fast» på ei surfebylgje med fossande elv på alle kantar, så då måtte den andre båten trø til med tauline og dra dei laus. Tøffe stryk med adrenalinkick, stille farvatn med balanseøvingar og frivillig bading, hopping frå klippe – ein dag for minneboka! Instruktørane takka for kjekk dag og skrytte av flotte ungdommar! Holsvoltne avslutta vi dagen med pizza i friluft på Vossevangen etter takkebøn til Gud som gav oss dagen og som har lova å vere med og lære oss vegen vi skal gå.



# Kaia syr eigen bunad

Kaia er konfirmant i år. Tradisjonen tru skulle ho ha seg bunad. Bunaden er så og seia ferdig no, fortel Kaia, og ho har sydd skjørt og vest sjølv, berre 15 år gammal. Det er verkeleg imponerende.

## Torhild Lunestad Andersen

Det var egentleg ikkje meininga at ho skulle sy bunaden sjølv, sidan ho har ei mormor som syr bunadar. Men ho fleipa ein dag med mormor og sa at ho kunne sy bunaden sjølv, ho.

Mormor syntest det var ein god ide og sa ho kunne hjelpa henne. Og slik blei det.

Sommaren 2020 begynte Kaia å sy. Stoffet var kjøpt inn, Kaia ville ha fitjarbunad med grøn vest.

Søndag 5. september 2021 skal Kaia konfirmere seg i den nye bunaden sin.



**Kaia:** Ho starta med skjørtet. Ho målte, bretta og tråkla foldene, det måtte vera heilt nøyaktig. Etterpå sydde ho på linninga.



**Skjørt og vest:** Kaia gjorde mesteparten av arbeidet på butikken til mormor, der var alt ho trong. I periodar tok ho arbeidet med seg heim eller på hytta. Men mest var ho på butikken, ho prøvde å vera der kvar torsdag.

Ho fekk ei bok der ho noterte ned alt etter kvart som ho gjorde det, slik at ho skulle ha det til seinare. Kanskje ho skulle sy fleire bunadar...?



**Kaia syr:** No vart skjørtet lagt til sides og ho begynte med vesten. Vesten og foret vart klipt og sydd saman. Ho måtte prøva vesten fleire gonger undervegs slik at han vart passeleg. Bandet rundt kantane vart sydd på, delvis for hand, før sidesaumane vart sydde.



Kaia likar godt forskjellig handarbeid, slik som brodering, hekling og strikking. Men ho har ikkje sydd kleplagg før.

Ho har det klårt for seg kva retning ho vil ta når det gjeld yrkesval. Ho har lyst å bli kjole- og draktsyar eller skreddar. Ho vil sy fine kjolar, brudekjolar og ballkjolar.





# Min sommersalme

Jeg møtte salmen første gang hos min kones sangglade familie i Danmark, og slik jeg ofte har det, - det var melodien som umiddelbart tiltalte meg. Den hadde denne sødmefylte, folkelige ynden som man ofte forbinder med det danske tonefall. Senere gikk det imidlertid opp for meg at salmen var svensk (uten at hverken sødmen eller ynden forsvant av den grunn). Teksten er skrevet av C. D. af Wirsén i 1889, melodien av W. Åhlen i 1933. I 1986 ble salmen tatt inn i den svenske salmeboka, og i dagens norske salmebok står den på nummer 845. Den kom også tidlig inn i den danske Højskolesangbogen, så her snakker vi i høyeste grad om en fellesnordisk sang-skatt.


De to første versene er en vakker beskrivelse av den nordiske forsommeren, nærmest ren natur-lyrikk. Men i løpet av vers 3 skjer det et stemningsskifte. I de tre siste versene minner dikteren oss om naturens og livets forgjengelighet. I løpet av 5 små vers legges en av de store kontraster i menneskelivet fram for oss, at når vi med rette gleder oss over sommeren og livet, husk da på at både livet og sommeren kun er til låns.

Så noen ord om melodien. De store kontrastene mellom versene stiller komponisten overfor et dilemma. Tekstlig sett burde vel de tre siste versene hatt en annen og dystre melodi. Men en salme bør vel ha samme melodi til alle vers?

Melodien til Åhlen nærmest smyer seg fram i rolige bølger, gradvis høyere, inntil den når sitt jublende høydepunkt i versets nest siste linje, for så, i siste frase, å synke ned igjen og falle til ro. Den passer som hånd i hanske til den lyse stemningen i de to første versene. I både den norske og den danske gjendiktningen er stemningen i siste vers lysere og mer preget av håp enn i den svenske originalteksten. Dermed fungerer melodien bedre som tonefølge her. I de innspillingene jeg kjenner av den svenske teksten, nøyer korene seg med de tre første versene, og det tredje er da satt ned i tempo og styrkegrad.

Men kan man si at melodien er mislykket? Ja, - men nei! Åhlen gjør et lite, men elegant grep ved å la den siste melodifrasen være en nedtonet variant av frasen like før, der melodiens høydepunkt er. Dermed foregriper den siste melodifrasen den mørkere atmosfæren som preger de tre siste versene, samtidig med at den binder de to kontrasterende delene sammen: jubel og resignasjon.

Med ønske om en god sommer, vil jeg til slutt anbefale dere å gå inn på Youtube og høre "The Real Group's" innspilling av salmen i Åhlens originalarrangement. En virkelig perle.



## Svein Tørnquist

1.

*En vänlig grönskas rika dräkt  
har smyckat dal och ängar.  
Nu smeker vindens ljumma fläkt  
de fagra örtesånger.  
Och solens ljus och lundens sus  
och vågens sorl bland viden  
förkunna sommertiden.*

2.

*Sin lycka och sin sommarro  
de yra fåglar prisa.  
Ur skogens snår, ur stilla bo  
framklingar deras visa.  
En hymn går upp av fröjd och hopp  
från deras glada kväden,  
frå blommorna och träden.*

3.

*Men du, o Gud som gör vår jord  
så skön i sommarns stunder:  
Giv att jag aktar främst ditt ord  
och dina nådesunder.  
Allt kött er hö och blomstren dö  
och tiden allt fördriver,  
blott Herrens ord förbliver.*

4.

*Allt kött er hö, allt flyktar här  
och snart förvissna gräsen.  
Hos dig allena, Herre, är  
ett oförgängligt väsen.  
Min ande giv det nya liv,  
som aldrig skall förblomma,  
fast äng och fält stå tomma.*

5.

*Då må förblekna sommarns glans  
och vissna allt förfängligt;  
min vän är min och jag är hans,  
vårt band är oförgängligt.  
I paradiset han huld och vis,  
mig sist skall omplantera,  
där inget vissnar mera.*



17. mai 2021

Også i år vart 17.mai feiringa prega av Covid-19 pandemien. Gudstenesta var spela inn på førehand med Jan Overweg som teknisk multiteknikar, men utanfor kyrkja kunne me gleda oss over ei mangfaldig markering av nasjonaldagen med fysisk frammøtte og høgst levande fitjarbuar.

### Torbjørn Hovland

Arrangementet vart styrt av bunadskledd ungdom frå Fitjar ungdomsråd, som med norske flagg og trygg verdighet leia oss gjennom programmet.

Etter opninga ved Fitjar skulekorps la ordførar Harald Rydland ned krans til minne om dei som ofra livet sitt under 2. verdskrig, i kampen for fridomen vår. Han minna oss om tre ord som har sikra samhaldet etter krigen, nemleg sanning, tillit og respekt. Dette er tre faktorar som grip inn i kvarandre, og som bidreg til eit stabilt og fredeleg samfunn.

Deretter var det tale for dagen ved Agnar Årskog. Han tok oss med attende til 1814 og dei framsynte Eidsvollsmennene, og minna oss om den begeistra og folkelege feiringa me har for nasjonaldagen, i motsetning til dei aller fleste andre nasjonar. Agnar tala om dei mange avgrensingane som coronapandemien har medført på mellommenneskelege tilhøve og organisasjonsliv, og den einsemda og ufridomen dette har medført. Likevel har både nasjonale og lokale styresmakter handtert krisa på ein ansvarleg måte, slik at me har kome lettare frå det enn mange andre land.

Agnar retta også stor takk til Fitjar idrettslag si stolpejakt som har lokka oss ut i område i kommunen som var lite kjende for mange av oss. Og avlutningsvis kunne Agnar lesa eit nytt bestillingsverk, ein flott Fitjar-prolog skriven av Arne Torget.

Deretter var det appell ved Anna og Gerhard, to 5.klassingar frå Selevik Skule. Dei påpeika at det er vanskeleg å vera barn og ungdom i pandemi-tider, med alle dei pålegga og påboda dette medfører. Men likevel skal me gjera vårt beste for å skapa ein kjekk og minneverdig festdag.



Så var det solosong ved Silje Rydland, akkompagnert av Harald Rydland på trekkspel. Det er alltid ei stor oppleving å høyra Silje syngja, og denne gongen løfta ho dagen vår med «Så grønn en drakt»

Klokka 12 gjekk me frå solosong til nasjonal allsong då heile landet samla song «Ja vi elsker», her på Fitjar med Tom Rydland som forsongar.

Det er vanskeleg å forestilla seg ein 17. mai utan Osternes mannskor, og det skal meir enn eit kinesisk virus til for å hindra dei på nasjonaldagen. Etter to songar kunne så ordføraren få ordet og dela ut Fitjar kommune sin kulturpris for 2020 til Bjørg og Karvel Strømme.

Ekteparet kom til Fitjar i 1968, og har i ettertid sett sitt preg på kunst- og kulturlivet her på mange ulike felt. Bjørg som biletkunstnar og fotograf, i husflid og organisasjonsliv, og som ein pioner i bruk av lakseskinn i brukskunst. Karvel har gjort ein formidabel innsats med



lokalhistorie, og særleg med dei historiske banda til Island. Han har vore mangeårig leiar i Osternes mannskor, og er framleis svært aktiv i kyrkjebladet og når det gjeld lokalhistorien vår.

Til slutt kunne kultursjef Bente Bjelland få retta ein varm og velfortjent takk til ungdomsrådet for ein flott gjennomført 17.mai. Og så får me tru at neste nasjonaldag er skuggen av corona borte frå feiringa vår.

## Arne Torget hyllar Fitjar

*Fitjar, så vakker og unik  
Solvendt, produktiv og grøderik.  
Fitjar med store verdiar på hand  
Med industri, kultur og jordbruksland.*

*Fitjarbuen har alltid vore hendige  
Arbeidssame, nøysame og sjølvstendige.  
Me er rakrygga og stolte som få  
Vår kommune skal ikkje delast frå.*

*Fitjarbuen går inn i framtida i godt lune  
Med sin eigen vesle, sterke kommune.  
Me vaknar kvar dag med framtidstru  
Og tenkjer stolt, eg er Fitjarbu!*

*Fitjar er kjent som eit kongesete  
Og seinare for våre vidgjetne potete.  
I dag har Fitjar så mykje meir på lur  
Det er her me trivest, det er her me bur.*

*Det er her me dyrkar vår eigen jord  
Set båtar på hav og haustar av fjord.  
Eit levande sentrum, som ein liten by  
Med verdens beste sommarrevy.*

*Me trivest med sjøgang, holmar og skjer  
Idyllar har me kor enn me ser.  
Hyttebyggjing viser på alle vis  
At vårt kjære Fitjar er eit paradís.*

*På Fitjar løyser me alle problem  
Eit paradís for oss, og for dei som kjem.  
På Fitjar er me eit prov alle mann  
På at små kommunar vil og kan.*

*Fitjar er den vesle kommunen med mot og humør  
Her står me på som aldri før.  
Me skal framleis stå på eigne bein  
Og er Sunnhordlands trivselskommune nummer ein.*

*Me bur i ein kommune av beste slag  
Og vaknar med eit smil kvar einaste dag.  
Me vaknar med ei kjensle av framtidstru  
-gratulera med dagen til kvar einaste Fitjarbu!*



# Lat oss ikkje trøytna medan vi gjer det gode!

## Magadji Thomas/Helga Rimmereid

### Me har fått fylgjande helsing, med oppdatering frå misjonsarbeidet, frå direktøren for arbeidet i Mali:

«Jeg er glad for å kunne skrive dette brevet til dere. Først vil jeg gjerne presentere meg. Jeg er Thomas Magadji, fra Kamerun. Jeg er gift med Madeleine og har tre store barn. I desember gikk jeg inn i stillingen som direktør her i Mali. Jeg takker Gud for dette kallet og for muligheten til å fortsette arbeidet som ble startet av norske misjonærer i 1986.

Her er noen nyheter fra arbeidet vårt. Det går bra med de to menighetene i sentral-Mali. Vi har én misjonærfamilie som fortsatt bor i dette sikkerhetsutsatte område. Landsbyutviklingsprosjektet vårt, som også har aktiviteter i de mest utsatte områdene, blir satt stor pris på av lokale myndigheter. Da jeg nylig besøkte dette området og møtte representanter fra myndighetene sa de følgende:

«I årene som er gått siden 2012 har alle andre organisasjoner som jobbet i vår region trukket seg ut. Det er bare dere som er igjen. Vi er dypt takknemlige for det dere gjør for å bedre livsvilkårene for befolkningen her, og særlig for arbeidet dere gjør for å bekjempe kjønnslemlestelse av jenter».

Jeg vil gjerne dele to erfaringer med dere, opplevd i løpet av mine første måneder i Mali. Den første erfaringen handler om betydningen av godhet. Sikkerhetskrisen i Mali har ført til at mange internflyktninger kommer til hovedstaden. Jeg har vært på to besøk til flyktningeleirer som vårt diakonale arbeid støtter. Misjonen har bidratt med mat, klær og skolesaker. Det var rørende å se hvor takknemlige de var. Det lærer meg noe om kjærlighet. Vi trenger alle å bli tatt imot. Jesus selv var flyktning i Egypt. Nettekjerlighet gjør at vi kan få bety noe for andre. Det misjonen gjør for å trøste og hjelpe barn som er foreldreløse på grunn av terrorhandlinger i nord-Mali er det faktisk like mye dere som gjør, selv om dere er i Norge.

Den andre erfaringen jeg vil dele er møtet med de kristne fulaniene i Bamako. Midt i prøvelsene fort-

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid i Mali.



Mali er eit av dei fattigaste landa i verda, det er væpna konflikhtar og opprør i store deler av landet, det har nyleg vore statskupp, og landet er til liks med resten av verda prega av koronapandemien. NMS jobbar med å nå ut med evangeliet til fulanifolket, og misjonsarbeidsfellesskapet består av misjonærer frå fem land og sju ulike organisasjonar.

setter Gud sitt arbeid. Nettopp det at koronapandemien la begrensninger på hvor mange som kan møtes, åpnet muligheten seg til å starte en huskirke i Bamako. Menigheten består av tre fulani-familier, to studenter som er fulanier og tre misjonærfamilier. Denne erfaringen har lært meg at ingen omstendigheter kan stanse Guds misjon i verden. En annen konsekvens av koronapandemien og urolighetene er at flere fulanier har trukket sørover i landet. Mange som var for langt unna, som var glemt og unådde er nå innenfor rekkevidde for oss. Konsekvensen er at vi trenger flere misjonærer.



Foto: NMS

Kjære norske venner, jeg sier som Paulus: La oss ikke bli trette av å gjøre det gode! (Gal 6,9)

Jeg vil avslutte dette brevet med å be dere fortsette å be for oss, spesielt om flere misjonærer og om fred i landet.

Tusen takk for all støtte dere gir oss, både økonomisk og åndelig. Må Gud velsigne dere med fred og glede!

# Konfirmasjon 2021

Dette året blir det også konfirmasjonar i september. Me gler oss over dei flotte konfirmantane og ser fram til å feira dei til hausten.

## Laurdag 4. september er det fire konfirmasjonsgudstenester

**10:00**

Lars Sigurd Tufteland  
Hanna Kristiansdatter Vestbøstad  
Marius Kongestøl Vik  
Julie Heggøy  
Elise de Fine Olsen  
Filip Rimmereid

**11:00**

Georg Isdahl Sætre  
Michell Bod  
Eivind Nesse Gloppen  
Tomine Haldorsen Helland  
Johannes Sandvik Bø

**12:00**

Ariel Berntsen Vesterheim  
Dennis André Tingvoll  
Magnus Torvund  
Selma Hollund  
Sandra Elise Helland  
Kristian Vestbøstad

**13:00**

Elias Koløen Gravdal  
Andrine Korsvik  
Sebastian Korsvik  
Susanne Sørffonn  
Daniella Tranøy Tislevoll  
Sondre Franco Grimen

## Sundag 5. september er det to konfirmasjonsgudstenester

**10:30**

Celina Bernes  
Johannes Moldestad Oma  
Elisabet Rydland Sæbø  
Hanna Lovise Vestbøstad  
Asbjørn Jordan Raunholm  
Elias Gerhardsen


**11:30**

Kasper Fitjar  
Adrian Vik  
Sunniva Vik  
Kaia Victoria Hjelman Grimen  
Kaleb Ayersam Alemu



KONFIRMAN\*  
2021





## Nytt frå soknerådet

**Me har lagt bak oss eit år ingen kunne førestilt seg på førehand. Påske og Julehelg utan å kunne samlast til Gudsteneste i kyrkja slik me pleier! Men no ser me lys i tunellen, og det vert gradvis opna for fleire til gudsteneste.**

### Svein Lunde

Det er likevel grunn til å vera forsiktig. Religiøse møter og samlingar blir ofte nemnde som utsette for smitte. Er du ikkje i form, så bli heller heime og følg gudstenesta på nettet.

Fitjar kyrkje kom tidleg i gang med overføring av gudstenester på nettet. Her er det all grunn til, nok ein gong, å gi honnør til kyrkjevevjer Jan Overweg og hans stab, som saman med sokneprest og frivillige har fått dette til. Statistikken viser at desse sendingane når langt ut over landegrensene og har sjåarar i mange land.

Mykje av arbeidet soknerådet sine nemnder og utval har av naturlege årsaker vore sett på vent. Smittevern har styrt det meste, men kreative frivillige og medarbeidarar har fått ting til. Særleg vil eg her nemne ungdomsarbeidet der sosiale media på internett har vore flittig i bruk.

Å bestemme dato for årets konfirmasjon var ei vanskeleg sak for soknerådet, der mange omsyn skulle vurderast. Til slutt vart det bestemt at datoane måtte bli 4. og 5. september. Så håpar me at dette kan bli ein minneverdig dag for både konfirmantar og gjester.

Dei fleste har sikkert fått med seg at soknerådet no har starta eit arbeid med strategi for dei neste åra. Her håpar me så mange som mogeleg bidreg. Sjølv om fristane i dette pro-

sjektet går ut, så set me alltid pris på å høyre di meining eller dine idear. Ver ikkje redd for å ta kontakt med meg eller ein av dei andre i soknerådet dersom du har noko du vil ha fram.

Så vil eg ynskje alle god sommar og minne om at det er ein temakveld og fleire kveldar med open kyrkje i løpet av sommaren. Kan hende får me også ein konsert eller to med Jan Overweg på orgel.

Sist men ikkje minst: Vel møtt til gudsteneste, ta deg tid til å høyra Ordet sjølv om mykje anna kan freiste på fine sommardagar.



## Nytt teppe i kyrkja

**Endeleg er det nye teppet kome på plass i midtgangen i kyrkja vår. Noko vil nok seia at det var på tide. Teppet som no er blitt bytta ut var frå 1957. Det var snudd ein gong på 1990-talet seier kjentfolk. Mange har sett sine fotavtrykk på teppet som no er borte.**

### Roald Drønen

Å leggja eit nytt teppe var ikkje berre enkelt. Først skulle treverket på golvet gjerast klart. Dinest skulle eit mjukt underlag festast til treverket før ein kunne rulla ut teppet. Det gjekk ein heil ettermiddag til arbeidet som vart utført av to erfarne personar frå Ledaal Teppeveveri i Stavanger.





## Skaparverkets dag

Tradisjonen tru fann mange (ca. 110 personar) vegen til gudstenesta i Fitjarfjellet 2. pinsedag i fint vårvær. Tema var «skaparverkets dag», og kva passar då betre enn å samlast ute i Guds frie natur.

### Roald Drønen


Samlinga i lyngen ved gapahuken oppom Olstjødno vart ei fin ramme rundt familiegudstenesta. Songar og salmar som omhandlar skaparverket og Guds stordom ljoma i fjellet, akkompagnert av Harald Rydland på piano og Maren Rydland på kornett.

Frans av Assisi sitt liv (levde på 1200-talet) var tema i preika. Han var født inn i ein rik familie i Italia. Trass i sterk motstand frå faren, gav han avkall på rikdommen for å tena Gud og medmenneske- særleg fekk han godhug og medkjensle med dei spedalske som han i yngre år hadde avskydd. Han var svært oppteken av skaparverket.



Foto: Ole Sandvik

I historia om livet hans vert det sagt at fuglane sat heilt stille når Frans talte til dei. Kyrkjelydspedagog Randi viste kva som skjedde i livet til Frans då ho kasta av seg kappa av finaste kvalitet og tok på seg klede av uslaste slag. Dette har seinare gjeve han tilnamnet «Fille-Frans».



## Kaffi på kyrkjegarden

### Roald Drønen

Det er mange som vitjar gravene på kyrkjegarden ved Fitjar kyrkje.

I sommarhalvåret kan ein sjå folk både tidleg og seint som er innom for å stella gravene til sine kjære. Visna plantar og ugras vert luka bort, og nye vert sett ned i jorda.

I sommar kan du vera heldig, på ein finversdag, å møte eit menneske som byr deg ein kopp kaffi og kanskje ein sjokoladebit.

Medlemar i soknerådet si diakoninemd har sagt at dette er i ei oppgåve dei gjerne vil gjera.



Frå v. Bodil Nesse, Grete Sætre, Halvard Wiik, Hilda Gloppen, Roald Drønen, Annbjørg Stjern Tvedt, Inger Marie Gilje

Foto: Kjetil Hagevik Ragde

# BARNESIDE




## Med Jesus i båten er jeg trygg tross alt

Med Jesus i båten er jeg trygg tross alt.  
Selv om det stormer rundt omkring meg.  
Han vet jeg er redd og han passer på meg  
helt til jeg kommer hjem.

Jeg er trygg tross alt,  
når jeg er sammen med Jesus.  
Jeg er trygg tross alt.  
Jeg vet at han passer på.

LUKAS 8, 22-25:

Ein dag gjekk Jesus om bord i ein båt. Lærlingane hans var med han. Han sa til dei: «Vi dreg over til den andre sida av sjøen!» Så la dei ut frå land. Medan dei segla, sovna Jesus. Ein storm med sterke vindkast kom inn over sjøen. Båten vart fylt med vatn, dei var i stor fare. Lærlingane kom bort til Jesus og vekte han. Dei ropa: «Meister, meister, no døyr vi!» Jesus reiste seg. Han tala strengt til vinden og vatnet. Bølgjene la seg, og det vart heilt stilt. Jesus sa til lærlingane: «Kvar er trua dykkar?» Lærlingane var redde, og dei undra seg. Dei sa til kvarandre: «Kven er denne mannen? Han gjev ordre til vinden og vatnet, og dei høyrer på han!»



Jesus gjekk langs Galileasjøen og fekk sjå nokre fiskarar som sette garn. Det kan du lese meir om i Matteus 4, 18. Fargelegg biletet.





# Tårnagentar

6. mai aula det med engasjerte agentar rundt Fitjar kyrkje. Med agentkortet på plass rundt halsen med fingeravtrykk på og buffar på hovudet, sneik dei seg rundt for å finne symbol og løyse oppdrag!

## Randi Lønning Matre

Me byrjar med eit opptakskryssord med mange ulike symbol, og alle fannnt løysinga. Dermed vart 23 nye agentar tatt opp som Tårnagentar.

Som fullverdige tårnagentar byrja jakta på symbol og store skattar. Dei fann den største skatten i kyrkja - nemleg bibelen. Dei laga kross, bygde tårn, og sjølv sagt var dei ein tur heilt opp i tårnet!

Agentar treng også mat, og dei fekk god agentmat – pølse i brød. Etter ein kort avslutning fekk dei ei bok i gåve frå kyrkjelyden: «Skatten i Liljedal»

Tusen takk til alle dei flotte og engasjerte leiarane og agentane i Fitjar kyrkje ein torsdag ettermiddag!




Foto: Helga Olsen Aadland



**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**  
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as  
**ELON** **fagmøbler**

**Duo**

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerelvvegen 55  
5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**Stord**  
**Begravelsesbyrå**  
Tlf. 53 41 64 05

**PORT**  
**STEINGARD**

Port Steingard AS  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinnelag

Fitjar  
Bygdekvinnelag

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finer.no](http://www.finer.no) - [jantore.aarskog@finer.no](mailto:jantore.aarskog@finer.no)



**FITJAR**  
**SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)

**Hår**  
loftet

OPRINGSTIDER  
Mån,tirs,fre..... 9-16  
Ons,tors..... 9-18  
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)  
Telefon: 91 82 41 58

**Engesund**  
Fiskeoppdrett  
Visningscenter  
Mobilnr: 951 89950

**Bakken**  
Fitjar Soknerådsbarnehage

**Kontaktinfo:**  
Torunn K. Aarskog  
404 04 146

Ledig annonseplass

**Interflora** | Galleri Flora  
Tlf: 53 49 95 00 | [www.interflora.no](http://www.interflora.no)  
Blomster - Gaver - Gravsteiner

**jt TVEIT**  
Faglig tyngde og  
godt humør

BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00  
www.fmvas.no



**FITJAR**  
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**VB**  
VARME & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**KVERNENES**



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar  
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Ledig annonseplass



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**HEIMLI**  
SHIP DESIGN

[www.heimli.com](http://www.heimli.com)  
Havnavegen 90, Fitjar

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass

Ledig annonseplass



# Slekters gang

## Døpte:

21.03.  
Oliver Helland Thorland  
04.04.  
Vebjørn Skumsnes Auestad  
06.06.  
Leander Helland

## Vigde:


22.05.  
Karianne Vestvik og  
Tommy Gerhard Randles  
05.06.  
Margot Fitjar og  
Kristian Koløen  
06.06.  
Ingvild Rimmereid og  
Kim Ove Helland

## Jordfeste:

Torill Marie Sandvik  
f: 08.03.1951 – d: 29.03.2021  
Inger Malkenes  
f: 13.03.1928 – d: 28.03.2021  
Johannes Rimmereid  
f: 24.03.1947 – d: 11.04.2021  
Terence Joseph Wood  
f: 14.11.1938 – d: 19.04.2021  
Gerd Lillian Volden Nedal  
f: 28.03.1952 – d: 28.04.2021  
Lorentz Helge Waage  
f: 08.07.1966 – d: 29.04.2021  
Anny Irene Berge  
f: 31.03.1932 – d: 06.05.2021  
Ola Korsvik  
f: 25.01.1935 – d: 09.05.2021  
Arthur Helland  
f: 18.01.1943 – d: 11.05.2021



Foto: Roald Drønen



## Gudstenester

Det vert gudsteneste i Fitjar kyrkje kvar søndag kl. 11.00,  
men gudstenesta søndag 18. juli kl. 11.00 vert i teltet i Kråko.

## LUNSIJKONSERTAR SOMMAREN 2021

Kantor Jan Overweg inviterer til lunsjkonserter  
i Fitjar kyrkje sommaren 2021:  
laurdag 10. juli og laurdag 31. juli  
Konsertane byrjar kl. 12.00 og varer ein halv time

## Temakveld

i Fitjar kyrkje  
søndag 27.juni kl. 19.30



## «Undring»

-vandring gjennom skaparverket  
i ord og tonar.

Song: Gurid Refvik  
Klaver: Irene Simonsen  
Tekstlesing: Eli N. Simonsen



Inngang kr. 100

Temakveldgruppa/soknerådet